



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 02.05.2014  
Vår ref.: 2014/14269-7  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.: 14/1158-14/3900

## Fråsegn til forslag til detaljregulering for Hoplandsdalen Jorddeponi - Meland kommune

Vi viser til brev dagsett 19.3.2014 om høyring av forslag til detaljregulering for Hoplandsdalen. Hovudføremålet i planen er massetak (stein) og massedeponi (jord). Føremålet er i strid med kommuneplan der område er sett av til LNF-område. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vi orsakar seint svar i saka.

### Vurdering

Vi har gitt innspel til oppstartmeldinga i brev av 14.06.2010, i tillegg til fråsegn til 1. gangs offentleg ettersyn 19.9.2013. For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan). I denne fråsegna vurderer vi planforslaget i hovudsak ut i frå fylkeskommunens ansvarsområde og interesser knytt til regionale planar.

### Planfagleg merknad i saka

Planforslaget er ikkje i tråd med kommuneplan, men konsekvensane av nye tiltak verkar å vere godt utgreidd i konsekvensutgreiinga i planforslaget. Det bør inn som rekkjeføljekrav i føresegns at bustad ikkje skal byggast ut før drifta av steinuttaket er over.

### Samferdsel

Det er positivt at ein i samband med oppretting av jorddeponi og steinuttak legg opp til å ruste opp Fv 247 med gang- og sykkelveg frå krysset med Fv 545 før deponiet vert starta opp.

### Kulturminne

Då planområdet vart vurdert til å ha potensial for funn av jordbruksrealerte automatisk freda kulturminne vart det framsett krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Undersøkinga vart gjennomførd i løpet av 2012. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne. Det er heller ikkje kjend SEFRAK-registrerte bygg som vert råka av tiltaket. Vi har difor ingen merknad i saka i høve kulturminne.

Vi minner likevel om at tiltakshavar pliktar å vere varsam og melde frå til Hordaland fylkeskommune dersom det skulle framkome funn under arbeid som kan vere automatisk freda jf. kulturminnelova § 8.2.

Marit Rødseth  
plansjef

Hans-Christian Engum  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Øystein Skår